

Kraftuføret her til lands er menneskeskapt. Vi har knytt oss til ein oppdikta, felles kraftmarknad for Norden. Det passar ikkje for vårt land.

Kraftmarknaden er eit bedrag

KRAFTMARKNAD

Osvald Medhus
Hol



KRAFTSITUASJONEN her til lands er god:

- Produksjonen av vasskraft dekkjer forbruket.
- Stabil produksjonskostnad på 3–4 øre per kWh.
- Dei tre siste åra har me hatt 33,8 TWh til overs – tilsvarende 55 Alta-kraftverk.


Dersom vi eit år må importere kraft, legg kraftmarknaden vår prisen for import kraft på alt forbruk det året. Det betyr ein kraftpris frå det dyraste varmekraftverket i eit av dei land vi samkøyrer med, i praksis Norden og tilgrensa land mot sør og aust. Det er abonnentane til den såkalte alminneleg forsyning som blir ute for dette (hushald, tenesteyting og vanleg industri).

FOR FIRE ÅR SIDAN vart det nødvendig å importere ein kraftmengde som svara til 0,4 prosent av det samla forbruket. Etter prisen på dansk kolkraft, ville denne importen ha kosta 189 mill. kroner, mens med vår «kraftmarknad» vart det 12,5 milliardar kroner. Rein fiskalskatt! Liknande har skjedd i tidlegare år. – Straumabonntane her i landet er eit tilmodig folkeslag!

Eit uavklart særsyn er elles dei store variasjonane i straumpriisen her i landet også i år utan kraftimport. I 2009 hadde vi 9,2 TWh til overs. Ein snau månad uti 2010 klaga vi over nedtappa magasin. – Er det inga samfunnsmessig vurdering og styring med regulerte vatn?

Det er eit sjukdomsteikn at landet no er delt inn i prissoner for straum. Vi har nok straum, men får han ikkje fram. Statkraft har ei utfordring; alle vil ha straum, men ingen vil ha kraftliner. Manglande kapasitet på kraftliner let seg løyse, men det tar altfor lang tid.

KRAFTUFØRET her til lands er menneskeskapt. Vi har knytt oss til ein oppdikta, felles kraftmark-



KRAFTVERK: Statkraft har ei utfordring; alle vil ha straum, men ingen vil ha kraftliner. Bildet er frå Kvilldal i Rogaland, Norges største kraftstasjon.

ARKIVFOTO: HÅVARD BJELLAND

nad for Norden. Det passar ikkje for vårt land.

Det er ikkje berre alminneleg forsyning som blir ramma av ein kraftmarknad som ikkje fungerer. Frå Salten i nord til Lista i sør arbeider det etter siste teljing 28. 000 personar med å omskapa straum til aluminium, ferrolegeringar, silisium, kjemikalier og foredling av tremasse.

Direktør i Statoil, Alexandra Bech Gjørsv, skriv i ein kronikk i Aftenposten at Noreg hevdar seg i verdstoppen innan materialvitenskap og metallurgi. Opphavleg hadde denne industrien billig, lokal kraftforsyning. Men i dag er dei gode «industrikontraktene» forbodne etter EUs statsstøttereglar. Derfor må denne industrien ut og konkurrere med skiftande kraftprisar her i landet og i utlandet.

MED VÅRT UTGANGSPUNKT ville det vere galskap om vi stelte oss slik at denne store og viktige industrien forsvann til utlandet. Dersom vi tar nokre politiske grep, kan ingen konkurrere med oss når det gjeld elektrisk energi. Vår

kraftsituasjon er som skapt for ein innanlands kraftmarknad. Det ville gi stabil og riktig kraftpris utan subsidiar – som både alminneleg forsyning og kraftkrevjande industri var tent med.

EIN GJENNOMGANG av energilova er nødvendig – plent slik det står i Soria Moria-erklæringa:

«Regjeringen vil foreta en evaluering av energiloven der blant annet lovens betydning for kraftbalansen, strømprisene og strukturen i kraftbransjen skal gjennomgås, med sikte på endringer som kan sikre bedre utnyttelse og bruk av eksisterende produksjon, samt ny kraftproduksjon».

Litt krafthistorie kunne kanskje passe no:

I HØGRE-sentrumregjeringa frå 1989 vart senterpartisten, den sta og effektive Eivind Reiten, olje- og energiminister. På stutt tid utforma han eit lovforslag som

skulle legge grunnlaget for ein fri marknad for kjøp og sal av kraft. Høgresida likte Reitens forslag. Venstresida var skeptisk, men det gjorde ikkje stort. Dei var i mindretal. Så drog Reitens statssekretær til senterpartigruppa på Stortinget for å få klarert saka. Og så fortel historia at det egent-

Det er eit sjukdomsteikn at landet no er delt inn i prissoner for straum

leg gjekk svært så glatt. På denne tida herja nemleg ein epidemi av hestehoste over landet. Ikkje uventa la hestehosteepidemien beslag på mesteparten av engasjementet i dette historiske gruppemøtet. Då statssekretæren

mot slutten av møtet fekk lagt fram sitt ærend, vart energilovforslaget godtatt utan kommentar.

Og slik gjekk det til at vi fekk verdas mest liberale energilov. Berre Reiten kunne greidd ein slik bragd! Ingen Høgre-statsråd hadde fått Senterpartiet med på dette.